

Sola er tilbake i Uskedalen

13.02.2016



Sola kjem tilbake i Uskedalen, i dag kl.13.

Deler av Uskedalen bada i sol i dag. Dagen, då sola er tilbake på ulike tun og gardsbruk, har alltid vore ei viktig hending. Fjellandsbø og Øvre Kjærland har sol heile året, på Kjærland rett nok berre ein solglimt i Børgsdalen.



Holmen og Neset har mykje sol, i dag kl. 14

Sjølv trudde vi at det same gjeld for Skorpo. Oskar Langballe kan stadfesta at sola er borte to veker. Steinaneset har mest sol. 3 februar er ein merkedag. Då går sola over fjella i Uskedalen og dermed har ein sol på Skorpo heile dagen, frå ho kjem opp over Tverrfjell og går ned bak Skorpefjellet.

På Myklebust og Dønhaug kjem sola att kring 28. januar. Då står sola i Skaret, kjem att i Børgsdalen, går over Ulvanoso, og så går det ein måned før sola går over Englafjell.

Bjørgulv Eik fortel at kring 10. februar står sola i Eikeskaret og då skin sola på Eikehaugen og ned mot Eikelandet. Sjølv har han ikkje sol inn i stova før 20. februar.

Litt merkeleg er det at sola alt 19. januar skin i Beinavikjo. Ho kjem att i Eikedalen kring 10. februar og etter nokre dagar rullar sola ned over Manen og gjev mykje sol.

Holmen og Neset har mykje sol, særleg etter ho kjem att i Eikedalen.

På Rød kjem sola seint, også på dagen. Det er noko betre i nedre del av Korsnes. Med litt tolmod kjem sola og ein har mykje ettermiddags- og kveldssol.

Øvre Fet og deler av Døsmland må venta på sola. På tunet til Ivar Kåre Døsmland kjem sola fyrst i Skaret, seinare i Børgsdalen. Mykje snø på Englafjell har innverknad på kva tid sola kjem for fullt på Døsmland. Han kan minnst at når sola var tilbake på Døsmland, fekk ungane ta smør og smørja på løetaket til naboen, Ola Døsmland. Dersom det smelta var det varme i sola.

Dersom du har merknader til dette med sola, send oss nokre ord.

thordossland@gmail.com eller kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døsmland